

Ekse 6

19 JULI 1988 19 JULI 1988

FISKERIDIREKTORATET
HOVEDSTYRETT

Rapporter
og meldinger
NR. 6/88

LØNSEMDSGRANSKINGAR

MATFISKANLEGG 1985 OG -86

FISKERIDIREKTORATET



LØNSEMDSGRANSKINGAR
FOR
MATFISKANLEGG
1985 OG -86

**FISKERIDIREKTORATET
HOVEDBIBLIOTEKET**

05/112/193 Eln. 3

FORORD

Fiskeridirektoratet legg med dette fram resultatet frå sine lønsemdsgranskingar for matfiskanlegg 1985 og -86. Tilsvarande granskingar er gjort sidan 1982, men opplegget er ein del endra frå og med 1985-granskinga.

Dagleg leiar for granskingane var i 1985 Trond Tepstad og i 1986 Arnhild Kjellevold. Arnhild Kjellevold, assistert av kontorfullmektig Merete Fauske, har utarbeidd denne meldinga.

Bergen, juni 1988

Hallstein Rasmussen

Gunnar Nybø

I N N H A L D

	Side	
1	INNLEIING	3
2	SAMANDRAG	5
3	RESULTATANALYSE	8
	1. Utvikling og omfang av næringa	8
	2. Produksjon, sal og inntekt	9
	3. Kostnadsanalyse	10
	4. Lønsemda	16
	5. Likviditet og soliditet	20
4	TABELLAR	21
5	VARIABELDEFINISJONAR	53
6	ENGLISH SUMMARY	65
	VEDLEGG A - SKJEMA	

1. INNLEIING

Fiskeridirektoratet har for åra 1982-86 utført lønsemds-granskingar av fiskeoppdrettsanlegg (matfiskanlegg). Heimel for innhenting av naudsynte grunnlagsdata var gitt i Lov av 10. mai 1981 om bygging m.v. av anlegg for klekking av rogn og for oppdrett av fisk og skalldyr. Denne lova vart 14. juni 1985 erstatta av lov om oppdrett av fisk, skalldyr m.v.

Sidan 1976 har Fiskeridirektoratet også stått for innsamling og revisjon av data for den oppdrettsstatistikken som Statistisk Sentralbyrå gir ut årleg. Fiskeridirektoratet tar ein del av datamaterialet til granskinga frå denne statistikken, men i tillegg må ein hente inn andre data særskilt frå oppdrettarane. Ein ber dei då fylle ut for Fiskeridirektoratet eit lønsemdskjema og sende med ein kopi av årsrekneskapen. Vedlagt denne meldinga er statistikk- og lønsemdsskjema nytta i 1986.

Det vart i februar 1987 sendt ut lønsemdsskjema til 300 oppdrettarar. Dei var med få unntak utvalde tilfeldig blant eigarane av dei 538 anlegga som etter oppdrettsstatistikken hadde levert laks og aure til slakt i 1986. Svarprosenten har vore høg, men av ulike årsaker har ein ikkje kunna nytte alle returnerte skjema. Etter grundig gjennomgang sto ein att med 223 anlegg som er med i årets gransking. I følgje oppdrettsstatistikken for 1986 vart det som nemnd over levert laks og aure til slakt frå i alt 538 anlegg. Ein har såleis ein representasjon på 41 prosent, noko Fiskeridirektoratet er relativt godt nøgd med.

Det har vore eit problem ved utarbeiding av resultatata for 1986 at 21 av dei anlegga fra Nord-Trøndelag som er med i analysen er part i den såkalla furunkulosesaka. Etter at dommen i heradsretten, som gjeld erstatning, er anka til lagmannsretten vil det ta lang tid før det kjem ei endeleg avgjerd. Ein har difor valt å leggje heradsrettens avgjerd til grunn her. Inntekta i dei anlegga saka gjeld er tillagt den erstatninga anlegga er tilkjent for ekstraordinære investerings- og driftskostnader, og for netto inntektstap ved sal av 1984-generasjonen av fisk. Erstatning for tapt inntekt ved sal av 1985-generasjonen vil tilsvarande bli ført som inntekt i 1987. Denne inntektsjusteringa vil påverke lønsemdstala generelt, og for Nord-Trøndelag spesielt, i positiv lei, men får ingen innverknad på kostnadsanalysen.

Lesaren vil i samandraget i kapittel 2 finne hovudresultata frå denne granskinga, og dei viktigaste konklusjonane ein kan trekkje på bakgrunn av det handsama talmaterialet.

I analysen i kapittel 3 prøver ein å gjere presentasjonen breiare, samstundes som ein vil prøve å forklare bakgrunnen for den utviklinga og dei variasjonane som kjem fram.

Ein presenterer også, i kapittel 4, eit omfemnande tabellverk med tilhøyrande variabelforklaringar i kapittel 5 for dei som ynskjer eit detaljert bilete.

Anlegga er i tabellverket inndelt etter to grupperingar. Den eine inndeler anlegga fylkesvis, mens den andre grupperer anlegga etter storleik rekna i utnyttta kapasitet målt i volum (m^3). For landet totalt og gruppert fylkesvis er det presentert tal både for 1985 og 1986. Som ein følgje av endra storleiksgruppering har ein for denne gruppering berre presentert tal for 1986. Resultat for ulike storleiksgrupper i 1985 kan ein få ved å venda seg til utgjevarane av denne melding.

For kvar gruppe har ein vist resultat i 3 ulike tabellar.

Tabell 1 er ein rekneskapsanalyse der dei ulike rekneskapsresultatar ligg føre i to alternativ. I det eine alternativet (postar merkt med romartal I) har ein ikkje rekna med kalkulatorisk løn til eigarane som kostnad, mens ein i alternativet merka romartal II gjer det. Som vanleg praksis er i slike rekneskapsanalyser har ein rekna med lineære avskrivningar basert på historisk kostpris.

Tabell 2 syner andre produksjons- og lønsemdmål. I utrekningane er behaldninga av levande fisk verdsett til oppalspris. Lønsevne pr. årsverk er det sentrale lønsemdmål i tabell 2. Avskrivningane er som i Budsjettnemndas lønsemdsgranskingar for fiskefartøy basert på eit blanda prinsipp, der utgangspunktet er lineære avskrivningar basert på attkjøpskost, men korrigert for finansieringsverknaden av gjeldsdel. Dette er det gjort nærare greie for i kap. 5, punkt 46.

For spesielt interesserte har ein i fotnote til tabell 2 vist kor mykje verdien av behaldningar av levande fisk endrar seg om ein legg til grunn marknadspris i staden for oppalspris.

Tabell 3 syner kostnader pr. kg fisk og prosentvis fordeling av kostnadene på ulike kostnadstyper (fôr, smolt, løn o.a.).

2. SAMANDRAG

I dette samandraget vil ein presentere dei viktigaste resultatane frå lønsemdsgranskninga av norske matfiskanlegg 1985 og 1986. Samandrag av resultatane er tidlegare offentleggjorde i eigne pressemeldingar, for 1985 13.4.1987 og for 1986 23.10.1987.

Granskninga for 1986 byggjer på innsendte data frå eit utval på 223 av ialt 538 anlegg med produksjon og sal. I 1985 var utvalet 213 av ialt 485 anlegg. Tala er aritmetiske gjennomsnitt basert på alle anlegg i utvalet, med ein del tilleggsopplysningar om resultatane sett i høve til geografisk lokalisering og storleiken på anlegga.

Tabellen nedanfor syner ein del hovudresultat i gjennomsnitt pr. anlegg, basert på heile utvalsmengda.

	1985	1986
Driftsinntekter	kr 2 905 159	kr 3 438 885
Driftskostnader	kr 2 009 306	kr 2 971 834
Driftsresultat	kr 895 853	kr 467 050
Totalrentabilitet	18.5%	7.8%
Resultat før ekstraordinære poster		
Lønsevne pr. årsverk	kr 677 035	kr 140 540
"Reint overskot"	kr 268 521	kr 149 248
	kr 469 482	kr - 49 345
Produksjon pr.m ³	14.8 kg	13.9 kg
Produksjon pr.årsverk	30 254 kg	32 565 kg
Sal	66 127 kg	89 053 kg
Talet på årsverk	3.1	3.2

Totalrentabiliteten gir uttrykk for avkastninga på totalkapitalen i næringa, medan resultat før ekstraordinære poster gir uttrykk for kor stort driftsresultatet pluss renteinntekter minus rentekostnader er.

Lønsevna er definert som totale inntekter minus sum kostnader medrekna kalkulatoriske avskrivningar og renter på eigenkapitalen, men unnateke lønskostnader. Lønsevna gir såleis uttrykk for kor mykje verksemda eigentleg har råd å betale til innsatsfaktoren arbeidskraft når andre faste og variable kostnader er dekkja.

I kostnadene er det rekna med ei kalkulatorisk (utrekna) eigarløn pr. år for dei anlegg der eigar deltok i drifta. Denne eigarløna var i gjennomsnitt kr 38 513 pr. anlegg basert på alle dei 223 anlegga i utvalet i 1986 mot kr 63 630 i 1985 (213 anlegg).

Det reine overskotet er differansen mellom totale inntekter og sum kostnader. At det er blitt negativt i 1986 tyder at dei faktiske lønskostnadene er større enn lønsevna slik vi definerte den over.

Verdien av levande fisk i sjøen er sett til minimumskost, som er produksjonskostnadene så langt.

Den generelle konklusjonen ein kan trekkje på bakgrunn av desse tala er at lønsemda innan matfiskoppdrett er mykje svakare i 1986 enn i 1985. Den er også svakere enn i tidlegare år. Dette har ein klar samanheng med den forverra marknadssituasjonen ein opplevde i 1986. Gjennomsnittleg førstehands salspris for laks vart frå 1985 til 1986 redusert med 20 prosent til kr 35.20 pr. kg. Prisen på regnbogeaure fall 14 prosent til kr 23.70. Det er første gang sidan 1981 at det har vore fall i prisane på oppdrettslaks og aure.

21 av anlegga frå Nord-Trøndelag har vore part i den såkalla furunkulosesaka. Dette har skapt ein del vanskar for analysen. Det siste er at saka vert anka til lagmannsretten, og avgjerda såleis ytterlegare utsett. Ein har i denne lønnsomhetsundersøkelsen valgt å leggje heradsrettens avgjerd til grunn ved utrekning av lønsemda i anlegga.

Fylka som kjem best ut i 1986 var Hordaland, Rogaland og Møre og Romsdal. Dei dårligaste resultatata fann ein i Finnmark/Troms. Men overalt, og spesielt i nord, var det store skilnader mellom anlegg innan same geografiske område.

Både i 1985 og i 1986 var lønsemda stort sett stigande med stigande anleggsstorleik. I 1986 hadde imidlertid anlegg med utnyttta kapasitet på under 3000 m³ ein i gjennomsnitt omlag like høg lønsevne som dei større anlegga.

Totale kostnader pr. kg fisk (laks og aure) produsert i 1986 var kr 40.81. Av dette utgjorde settefiskkostnader 23.1 prosent mens førkostnader utgjorde 27.9 prosent.

Totalkostnadene inkluderer kalkulert avskrivning, kalkulert eigarløn og kalkulert rente på eigenkapitalen.

Totalkostnadene pr. kg produsert fisk steig med 20 prosent fra 1985 til 1986, og var kr 5.11 høgare enn gjennomsnitts førstehands salspris for laks same året. 140 av anlegga i vårt utval på 223 produserte dyrare enn salspris i 1986.

Anlegga i Finnmark/Troms hadde høgaste gjennomsnittskostnad i 1986, kr 70.11 pr. kg, og anlegga i Rogaland/Skagerak var låg-kostnadsprodusentar med gjennomsnitt på kr 26.76 pr. kg.

Ser ein på kostnader i høve til storleik, finn ein langt mindre skilnader. Der kan ein grovt dele inn anlegga i to kategoriar, anlegg under 5000 m³ med kring kr 45 pr. kg, og anlegg over 5000 m³ med kr 38 pr. kg.

Likviditetsgraden (kortsiktige likvide midlar i forhold til kortsiktig gjeld) var 82.6 prosent i gjennomsnitt for alle anlegg i 1986 mot 78.4 prosent i 1985. Tradisjonelt har kravet til denne vore 100 prosent, men mange forhold som t.d. omløpshastigheten på gjeld og fordringar, har mykje å seie. Vurdert etter fylke hadde Sogn og Fjordane det beste resultatet (150.8 prosent), og Finnmark/Troms det dårlegaste (28.8 prosent). Vurdert etter storleik kom anlegg over 8000 m³ best ut (216.4 prosent), lågast verdi hadde gruppa 0-3000 m³ (42.2 prosent).

Samla hadde anlegga i 1986 ein eigenkapitaldel på 12.0 prosent, ein nedgang frå 32.8 prosent i 1985. Høgast i 1986 låg i gjennomsnitt anlegga i Hordaland (40.0 prosent), og lågast finn ein dei i Finnmark/Troms (-31.4 prosent). Eigenkapitaldelen var gjennomgåande aukande med aukande anleggsstorleik.

Tabellen nedanfor syner ein del tal for sal og produksjon:

	1985	1986
Sal (laks og aure) pr. anlegg	66 127 kg	89 053 kg
Produksjon pr. anlegg	91 754 kg	94 069 kg
Produksjon pr. årsverk	30 254 kg	32 565 kg
Produksjon pr. m ³	14.8 kg	13.9 kg

Ein ser at gjennomsnittsproduksjon og - produktivitet var bortimot uendra frå 1985 til 1986. Salet gjekk derimot kraftig oppover, og for anlegga samla hadde ein i 1986 ein stabil situasjon med liten lageroppbygging av levande fisk. Dette var derimot ikkje tilfelle for anlegga sett individuelt.

Produksjon pr. årsverk auka med anleggsstorleik rekna i utnyttta kapasitet (m³). Geografisk var Finnmark/Troms og Trøndelagsfylka på botnen (14000-18000 kg), medan Rogaland og Hordaland var på topp (53000 og 49000 kg).

Produksjon pr. m³ følgjer same mønsteret geografisk, og skilnaden mellom ulike storleiksgrupper var ubetydeleg.

3. RESULTATANALYSE

3.1. KORT OM UTVIKLING OG OMFANG AV NÆRINGA.

Nedanfor gir ein att ein del statistikk som kan illustrere den veksten ein har hatt i norsk oppdrettsnæring dei siste åra.

	1982	1983	1984	1985	1986
Anlegg med slakt	328	362	402	487	538
Slakta rund vekt (tonn)	15322	22703	25451	34615	49215
Verdi av slakt (mill. kr)	467.9	766.7	939.5	1433.6	1665.7
Eksportverdi (mill. kr)	395.3	709.1	944.8	1308.3	1663.7
Utnytta volum (1000 m ³)	1999	2168	2440	3386	3959
Arbeidsinnsats (1000 timer)	1348	1626	1940	2685	3603
Gjennomsnittsprisar laks ¹⁾	35.40	37.80	39.00	44.60	35.70
Gjennomsnittsprisar aure ¹⁾	19.60	22.60	25.90	27.70	23.70
Eksport mengde (tonn)	9.2	15.4	19.6	24.0	38.9

¹⁾ Gjeld både fersk og frosen fisk.

Dei fleste postane i tabellen visar ein jamn auke frå 1982 til 1986. Eit viktig unntak er utviklinga i gjennomsnittsprisane for laks og aure, her var det i 1986 ein nedgang i prisen. Prisen på laks viser ein minke frå 1985 til 1986 på 20 prosent, mens prisen på regnbogeaure minka med vel 14 prosent. Det er første gong sidan 1981 det har vore fall i prisen på oppalslaks og -aure.

3.2. PRODUKSJON, SAL OG INNTEKT.

Gj.snitt resultat pr. anlegg for landet totalt. 1985 og 1986.

	1985	1986
Produksjon (laks og aure)	91 794 kg	94 069 kg
Produksjon pr. m ³	14.8 kg	13.9 kg
Produksjon pr. årsverk	30 254 kg	32 565 kg
Sal	66 127 kg	89 053 kg
Salsinntekt	kr 2 819 555	kr 3 091 793
Andre ordinære driftsinntekter	kr 22 978	kr 100 003
Erstatningar	kr 62 626	kr 247 088
Driftsinntekt	kr 2 905 159	kr 3 438 885
Renteinntekt	kr 31 852	kr 92 926

Produsert mengde viser svak stigning frå 1985, og arbeidsproduktiviteten - målt ved produksjon pr. årsverk - gjekk opp med 7,8 prosent. Derimot var det ein reduksjon i produsert mengde pr. m³. Dette kan dels skuldast stadige utvidingar av produksjonskapasiteten i anlegga. I 1986 var gjennomsnittleg utnytta kapasitet 6616 m³ mot 6081 m³ i 1985. I tillegg har ein at svært mange ikkje fekk tak i så mange smolt som dei ynskte å setje ut. Gjennomsnittet vert trekt ned ved at produksjon pr. m³ i 1986 både i Troms/Finmark og Nord-Trøndelag berre var 7.7 kg, og i Sør-Trøndelag 9.5 kg. I 1985 låg dei same fylka lågast, men då med 11.4, 11.3 og 12.5 kg.

I høve til auken i salsvolumet var auken i salsinntekt liten, berre 9.7 prosent. Salsinntekt pr. kg gjekk såleis ned frå kr 42.64 i 1985 til kr 34.72 i 1986, ein reduksjon på 18.6 prosent. Dette stemmer overeins med den prisutviklinga ein har hatt. I følgje oppdrettsstatistikken viste gjennomsnittleg førstehands salspris for laks ein minke frå 1985 til 1986 på 20 prosent, og prisen på regnbogeaure minka med vel 14 prosent.

I 1985 utgjorde salsinntekta 97 prosent av driftsinntektene, i 1986 var dette redusert til 90 prosent. Både posten "andre ordinære driftsinntekter" og erstatningar har auka sin del av inntektene. For "andre ordinære driftsinntekter" kan dette dels skuldast ei omleggjing der sal av rogn i 1986 er lagt til denne posten, medan det i 1985 gjekk inn i salsinntekta.

Erstatningsbeløpet auka sterkt frå 1985 til 1986 sidan ein del av erstatningane til furunkuloseråka anlegg i Nord-Trøndelag går inn her. Gjennomsnittleg erstatningsbeløp om ein ser bort frå denne saka var i 1986 kr 144 217, ei dobling i høve til 1985.

3.3. KOSTNADSANALYSE.

Kostnader pr. kg produsert fisk (laks og aure) er presentert i tabell 3 i tabellverket. Gjennomsnittskostnadene pr. anlegg finn ein i post 5-10 pluss 11 og 17 i tabell 1. Her vil ein ta utgangspunkt i tabell 3.

3.3.1. KOSTNADSANALYSE - LANDET TOTALT

Kostnader pr. kg produsert fisk.

	1985	1986	Endr. 1985-86	Endr. i pst.
	kr.	kr.	kr.	
Smolt/settefiskkostnad	7.83	9.42	1.59	20.31
Forkostnad	10.81	11.39	0.58	5.37
Forsikringskostnad	1.12	1.64	0.52	46.43
Lønskostnad	4.01	5.07	1.06	26.43
Kalkulert eigarløn	0.69	0.41	-0.28	-40.58
Andre driftskostn.	3.49	4.93	1.44	41.26
Finanskostnad	2.73	4.46	1.73	63.37
Kalk.rente på eigenkapital	2.19	1.93	-0.26	-11.87
Kalk.avskrivningar	1.19	1.57	0.38	31.93
SUM	34.06	40.81	6.75	19.82

Dei totale gjennomsnittskostnadene pr. kg. produsert fisk steig med nær 20 prosent. Ein del av desse kostnadene er variable, og vil svinge i takt med produksjonen. Dette gjeld først og fremst løns- og forkostnader og forsikring. Andre kostnader som faste driftskostnader i form av husleige o.l., avskrivningar og finanskostnader - særleg for langsiktig gjeld - oppstår i perioden uavhengig av produksjonsnivå.

Smoltprisane kan ikkje forklara heile auken i smolt/settefiskkostnadene. Ifølgje oppdrettsstatistikken frå 1986 har utsalsprisen på eitårig smolt gått opp med 8.7 prosent frå 1985 til 1986.

Den fylkesvise spreinga av smoltkostnadene er svært stor, både m.o.t. kostnad pr. kg og prosentvis endring i denne frå 1985 til 1986. Nederst ligg Hordaland og Rogaland med kr 6.73 og kr 6.74, øverst Troms/Finnmark og Nord-Trøndelag med kr 17.40 og kr 15.00. Den låge kostnaden i Hordaland og Rogaland kan nok dels forklarast utifrå lokalisering nær store smoltprodusentar, langsiktige kjøpskontraktar og stabil drift. I Troms/Finnmark og i Nord-Trøndelag var behaldningane under oppbygging, følgjeleg var 1986 ein periode der produksjon i kg relativt sett var "for

liten" i høve til smoltutsett. I Troms/Finnmark vart dette ytterlegare forverra ved høgare betalt pris pr. smolt og dårleg tilvekst i første sesong.

Fôrkostnadene syner moderat vekst frå 1985 til 1986. Dette samsvarer bra med fôr som variabel kostnad saman med den innsats mange gjer for å få ned fôrfaktoren.

Lønskostnad og kalkulert eigarløn har samla gått opp med 16.6 prosent frå 1985 til 1986. Veksten her skuldast nok ein kombinasjon av reell lønsauke og meirkostnader ved overføring frå uløna til løna arbeidsinnsats. Produksjon pr. årsverk gjekk opp i kg og var uendra i verdi.

Det minst overraskande er nok at forsikringskostnadene steig med nær 50 prosent frå 1985 til 1986. Etter at forsikringsselskapa samstemmig hadde varsla premieauke var anna ikkje å vente. Gjennomsnittspremien i vårt utval i 1986 var kr 154 299 mot kr 102 966 i 1985. Premien gjekk opp i alle fylke i utvalet.

Det har generelt vore hevda at forsikring av oppdrettsanlegg er eit lite lønsamt føretak. Ei samanlikning av gjennomsnittleg innbetalte premiar og utbetalte erstatningar for anlegga i våre utval syner eit positivt bidrag i favør av forsikringsbransjen både i 1985 og 1986, men marginen var svært liten i 1986, landet sett under eit.

Gjennomsnittlege forsikringspremiar og erstatningar for anlegga i utvala 1985 og 1986. Fylkesvis.

	1985		1986	
	Premiar kr.	Erstatningar kr.	Premiar kr.	Erstatningar kr.
Rog.og Skag.	65 856	10 990	96 963	14 454
Hordaland	128 015	17 866	195 610	76 010
Sogn og Fj.	106 853	17 417	147 970	26 864
M og R.	79 492	124 622	118 116	31 158
Sør-Tr.	89 798	103 232	141 891	288 001
Nord-Tr.	90 868	20 741	101 510	394 000
Nordland	122 563	90 192	202 488	181 782
Finnm.og Tr.	104 917	59 344	171 078	112 336
Heile landet	102 966	62 626	154 299	144 217

"Andre driftskostnader" i tabellane er ein samlepost som m.a. inneheldt utgifter til kontorhald, leige og straum, vedlikehald av anlegg og driftsbygning, drivstoff og frakt, emballasje, pakke- og slaktekostnader. Det er difor vanskeleg å seie noko om

kva den kraftige auken i posten som ein ser av tabellen på side 11 kan skuldast.

Finanskostnadene er den einskildposten som syner størst prosentvis auke frå 1985 til 1986. Dei gjennomsnittlege rentekostnadene (for landet totalt) var i 1986 12.2. prosent av driftsinntektene, mot 8.6 prosent i 1985. Desse kostnadene er gått opp over heile landet, jamfør tabellen under:

Finanskostnader i prosent av driftsinntekter.

	1985	1986
Heile landet	8.6	12.2
Rogaland og Skagerrak	5.8	8.7
Hordaland	5.6	7.8
Sogn og Fjordane	8.3	12.2
Møre og Romsdal	8.8	10.2
Sør-Trøndelag	7.3	10.6
Nord-Trøndelag	7.8	6.8
Nordland	12.5	16.7
Troms og Finnmark	16.4	38.4

Det er truleg to hovudårsaker til denne auken. For det første den generelle auken i rentenivået, og for det andre ein auka grad av gjeldsfinansiering av oppdrettsanlegga. Samla gjeld i prosent av totalkapital var i 1985 66.9 prosent for landet totalt, i 1986 87.8 prosent, og dette er i hovudsak renteberande gjeld.

For dei kalkulerte kostnadene har ein naturleg nok ein nedgang i kalkulert rente på eigenkapital, tilsvarande den reduserte eigenkapitaldelen i anlegga. Dei høgare kalkulerte avskrivningane i 1986 reflekterer større verdiar i anleggsmidlar.

3.3.2. KOSTNADSANALYSE - FYLKESVIS.

Sum kostnader i gjennomsnitt pr. kg produsert fisk.

	1985 kr.	1986 kr.	Endr.i kr.	Endr.i pst.
Troms og Finnmark	40.86	70.11	29.25	71.6
Nordland	33.48	41.89	8.41	25.1
Nord-Trøndelag	38.77	53.82	15.05	38.8
Sør-Trøndelag	37.26	56.90	19.64	52.7
Møre og Romsdal	35.65	36.43	0.78	2.2
Sogn og Fjordane	32.47	41.88	9.41	29.0
Hordaland	30.79	32.67	1.88	6.1
Rogaland og Skagerrak	33.50	26.76	- 6.74	-20.1

Ser ein på dei einskilde fylka finn ein ei svært ulik utvikling, slik at spreinga i kostnadene var blitt større i 1986 enn året før. I 1985 var skilnaden mellom lågaste og høgaste produksjonskostnader på fylkesnivå kr 10.08. I 1986 var skilnaden kr 43.35.

Troms og Finnmark som produserte dyrast i 1985 ligg på topp også i 1986, med ein kostnadsauke på 71.6 prosent. Innafor desse fylka er også spreinga stor, og ein finn anlegg som har produksjonskostnader omkring og under landsgjennomsnittet. Men for dei fleste er det ein del felles kostnadsdrivande trekk som gjer seg gjeldande. Mange anlegg er relativt nyetablerte - 8 så seint som i 1984 - og på grunn av smoltmangel i 1986 (14 av 20 anlegg) og tidlegare år får ein ikkje utnytta produksjonspotensialet. Stort innslag av yngre fisk (sett ut i 1986) og dårleg tilvekst på denne, gjorde produksjonen i kg over året svært låg, og dei totale kostnadene pr. kg måtte difor bli høge.

Som nr. 2 på kostnadstoppen finn ein Sør-Trøndelag. Her ligg nok forklaringa i stort svinn på grunn av sjukdom. I følgje oppdrettsstatistikken for 1986 hadde Sør-Trøndelag eit svinn på 28 prosent, medan landsgjennomsnittet var 13 prosent. For nr. 3, Nord-Trøndelag, har etterverknader av furunkulosenedslaktinga for dei råka anlegga (21 av 26 i utvalet) vore ein ny oppbyggingsperiode med låg netto produksjonstilvekst i 1986.

I motsett ende av spekteret har ein Rogaland som klarte å produsere for i gj.snitt kr 26.76 pr. kg fisk i 1986.

I høve til landsgjennomsnittet produserte oppdrettarar i Rogaland i 1986 for halve kostnaden med omsyn til løn, forsikring, andre driftskostnader, finanskostnader og avskrivningar. Smolt- og forkostnad ligg ca. kr 2.50 under landsgjennomsnittet, men for kalkulert eigarløn og kalkulert rente på eigenkapitalen er skilnaden mellom Rogaland og landsgjennomsnittet ubetydelig.

Dette ser ein stadfesta i andre mål i tabell 3. Til dømes var eigenkapitaldelen i Rogaland i 1986 36.3 prosent mot 12 prosent for landet, produksjon pr. m³ 18,7 kg mot 13.9 kg, og produksjon pr. årsverk 53 398 kg mot 32 565 kg.

Ei delforklaring for dei låge kostnadene pr. kg produsert fisk i Rogaland kan vere det relativt store innslaget av aureproduksjon, sidan det ser ut til at kostnadene her er generelt lågare. Mange anlegg kombinerer laks- og aureproduksjon, og eit par av produsentane med aller lågast kostnad, både i Rogaland og i heile landet, produserer berre aure.

Ei anna delforklaring er mindre sjukdom og dermed mindre svinn av fisk. Etter oppdrettsstatistikken for 1986 hadde Rogaland (og Hordaland) eit svinn på 8 prosent, medan landsgjennomsnittet var 13 prosent. Etter lønnsomhetsundersøkelsen hadde ein lågare del av anlegga i utvalet frå Rogaland svinn på grunn av sjukdom enn anlegga i noko anna fylke i 1986.

Sett i høve til 1985-tala for Rogaland vart innsparingane frå 1985 til 1986 på heile 20 prosent. Innsparingane vart gjort på smolt-og forkostnader, og dei kalkulerte kostnadene eigarløn og rente på eigenkapitalen. Det siste tyder på ein endra eigarstruktur i 1986, som kan skrive seg frå endra samansetnad av utvalet. Då vårt utval frå denne regionen er så lite som 15 anlegg, skal det små endringar til før det slår ut i gjennomsnittstala.

3.3.3. KOSTNADSANALYSE - UTNYTTA KAPASITET.

Sum kostnader i gjennomsnitt pr. kg produsert fisk i 1986:

Utnyttta kapasitet	Kr pr. kg	Anlegg i utvalet
0 - 3000 m ³	44.83	13
3 - 5000 m ³	46.92	53
5 - 7000 m ³	38.03	43
7 - 8000 m ³	40.38	109
over 8000 m ³	35.95	5

Kostnadsskilnadene var langt mindre markerte når ein deler utvalet i grupper etter utnyttta kapasitet. Grovt sett kan ein seie at kostnadsnivået i anlegg under 5000 m³ var høgare enn nivået i anlegg over denne storleiken.

Talet på anlegg i dei ulike kategoriane varierer svært, og dette gjer det vanskelig å trekkje altfor sikre konklusjonar utover dette.

Grunnen til dei små utvala er for gruppa 0-3000 m³ at det vert stadig færre anlegg i massen - dei fleste anlegga her er under oppbygging. Gjennomsnittleg konsesjonsstorleik i gruppa i 1986 var 4826 m³. Nye konsesjonar til oppdrett av laksefisk er på 8000 m³, så noko nytt tilsig kan ikkje ventast.

I gruppa med utnytta kapasitet over 8000 m³ hadde ein i 1986 berre 5 anlegg. Her er det langt fleire anlegg i massen enn denne representasjonen skulle tilsei. Problemet her er at dei fleste større anlegg kombinerer oppdrett av laksefisk med anna verksemd, og kan ikkje leggje fram separate rekneskapstal for oppdrettsdelen av verksemda. På grunn av stor interesse for kostnadsnivået i store anlegg presenterer ein likevel denne gruppa separat, men må nok ein gong minne om å bruke resultatata med varsemd.

3.3.4. LÅGKOSTNADSPRODUSENTANE.

I utvalet totalt er det 15 anlegg som produserte for under kr 26 pr. kg. Anlegga varierer i kapasitet fra 700 til 16000 m³, utan hovudtyngde i nokon storleikskategori. Geografisk er anlegga fordelt med eitt frå kvart av fylka Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nordland og Østfold, og resten delt mellom Rogaland og Hordaland.

Dei låge einingskostnadene har sin parallell i høg produksjon pr. m³, oppnådd gjennom stort smoltutsett, god tilvekst og lågt svinn. Medan landsgjennomsnittet for produksjon pr. m³ var 14 kg, var gjennomsnittet for denne gruppa 25 kg. Såleis blir det fleire kg å fordele faste kostnader på, men desse anlegga låg merkbart lågare enn landsgjennomsnittet også på variable kostnader som løn og for.

3.4. LØNSEMDA

3.4.1. LØNSEMDA FOR LANDET UNDER EITT.

Den generelle utviklinga i dei lønsemdsmåla ein nyttar i tabell 1 i analysen gir eit eintydig bilete av lågare lønsemd i 1986 enn i 1985. Dette følgjer av det analysen tidlegare har vist - at inntekt pr. kg har gått ned og produksjonskostnader pr. kg opp i høve til 1985.

Totalrentabiliteten er resultatet før ekstraordinære postar pluss rentekostnader i prosent av totalkapitalen. Denne gjekk ned frå 18.5 prosent i 1985 til 7.8 prosent i 1986.

Brutto fortjenestemargin er resultatet før ekstraordinære postar i prosent av driftsinntektene. Denne marginen vart redusert frå 5.3 prosent i 1985 til -29.0 prosent i 1986. Utan dei 4 høgaste og 4 lågaste verdiane, vert gjennomsnittet for 1986 -16,2 prosent.

Driftsresultatet (driftsinntekter - driftskostnader) gjekk ned frå kr 959 483 til kr 505 563, ein reduksjon på 47 prosent.

Resultatet før ekstraordinære postar er relativt sett enda sterkare redusert, med 79 prosent frå kr 667 035 til kr 140 542. Dette skuldast at rentekostnadene tærer kraftigare på driftsresultatet i 1986.

Går ein vidare til post 51 i tabell 2, Lønsevne pr. årsverk, får ein tendensen ytterlegare stadfesta.

Lønsevne pr. årsverk er eit sentralt omgrep mellom anna ved stønadsforhandlingane i tradisjonelt fiske. Den er definert som totale inntekter minus sum kostnader medrekna kalkulatoriske avskrivningar og renter på eigenkapitalen, men unnateke lønskostnader. Lønsevne gir såleis uttrykk for kor mykje verksemda eigentleg kan betale til innsatsfaktoren arbeidskraft når andre faste og variable kostnader er dekkja.

Lønsevna innan matfiskoppdrett har generelt vore god i dei åra Fiskeridirektoratet har utført desse granskingane. Den har stige jamt med ein førebels topp i 1985 då lønsevne pr. årsverk var kr 268 521. Men i 1986 gjekk den ned til kr 149 248.

Desse gjennomsnittstala ein no har presentert har sin verdi i at dei kan sei noko om trenden - den underliggjande generelle utviklinga - i ei næring over ein tidsperiode. I realiteten eksisterer ikkje det gjennomsnittlege anlegget, og ein gjennomgang av høgaste og lågaste verdi av tabellpostane syner at resultatata er svært sprede. Ein har talt opp kor mange anlegg som

hadde negativt tal i vårt utval i 1986 for ein del lønsemdsmål:

Totalrentabilitet II < 0	75 anlegg
Brutto fortenestemargin II < 0	107 anlegg
Resultat før EOP II < 0	107 anlegg
Lønsevne < 0	76 anlegg

Romertall II betyr at kalkulatorisk eigarløn er tatt med som kostnad.

For 1985 har ein følgjande tal med negativt resultat:

Total rentabilitet II	34 anlegg
Brutto fortenestemargin II	58 anlegg
Lønsevne	35 anlegg

Det denne oppstillinga grovt sett viser er at halvparten av anlegga i Fiskeridirektoratets utval i 1986 hadde problem med å drive lønsamt. Vidare ser ein at det også i det gode året 1985 var mange anlegg som låg under streken. Dette skulle illustrere ikkje berre spreininga i materialet, men også at det er ei næring med høgt risikonivå ein her har.

3.4.2. LØNSEMDA I DEI ULIKE FYLKA.

Ein vil først presentere ei oversikt over ulike resultatmål for fylka i 1986, jfr. tabellen under.

	Tot.rent.II	Driftsresultat kr.	Lønsevne pr.årsv. kr.
Rogaland/ Skagerak	14.3	779602	279370
Hordaland	19.0	1080861	396607
Sogn og Fj.	3.8	228878	102236
Møre og Romsd.	7.6	574131	222971
Sør-Tr.	-8.8	70756	-60892
Nord-Tr.	26.3	1086434	368751
Nordland	7.1	262731	28527
Finnm./Troms	-12.9	-621740	-219598

Totalrentabiliteten er som nemt tidlegare resultatet før ekstraordinære postar pluss rentekostnader i prosent av totalkapitalen. Totalrentabiliteten gjekk ned for alle fylke, unntatt Nord-Trøndelag.

For Nord-Trøndelag gjekk totalrentabiliteten opp frå 25.8 prosent i 1985 til 26.3 prosent i 1986. Dette skuldast at ein i samanheng med furunkulosesaka i Nord-Trøndelag, (21 anlegg av 26 anlegg i Fiskeridirektoratets utval for 1986 var med i saka), har valt å leggje heradsrettens avgjerd til grunn her. Inntekta i 1986 i gjeldande anlegg er tillagt den erstatninga anlegga er tilkjent (sjå elles forklaring i innleiinga om denne saka). Denne inntektsjusteringa vil påverke lønsemdstala generelt, men får ingen innverknad på kostnadsanalysen. Dermed vil resultat før EOP vere med erstatningane frå Furunkulosesaka. Hadde ein rekna utan erstatningane frå nemnte sak ville totalrentabiliteten vore mindre enn i 1985.

Totalrentabiliteten gjekk kraftigast ned for fylka Finnmark/Troms og Sør-Trøndelag. For Finnmark/Troms gjekk totalrentabiliteten ned frå 16.3 prosent til -12.9 prosent, og for Sør-Trøndelag frå 21.6 prosent til -8.8 prosent. Rogaland/Skagerrakkysten hadde minst nedgang i totalrentabiliteten frå 16.2 prosent i 1985 til 14.3 prosent i 1986.

Driftsresultatet visar same tendens som totalrentabiliteten. Dei fleste fylke hadde ein nedgang i driftsresultatet, unntatt Nord-Trøndelag og Rogaland/Skagerrak. For Nord-Trøndelag sitt vedkommande skuldast dette som tidligare forklart den nemte furunkulosesaka, som 21 anlegg av dei 26 anlegga i utvalet var berørt av. Rogaland/Skagerrak hadde ein auke på omlag 19.5 prosent, frå kr 652 313 i 1985 til kr 779 602 i 1986. Dette skuldast at Rogaland/Skagerrak klarte å redusere sine kostnader, og derfor fekk eit betre resultat. (Nærare forklaring til dette finst i del 3.3.2. Kostnadsanalyse - fylkevis).

Nedgangen i driftsresultatet har vore kraftigast for Troms/Finnmark og Sør-Trøndelag. Minst nedgang finn ein i Hordaland fylke. Nedgangen for Troms/Finnmark skuldast ei rekke forhold. Dei har hatt ein kraftig auke i driftskostnadene, samstundes som dei har eit lågt sal og liten vekst på fisken. Alt dette er med på å påverke driftsresultatet. Sør-Trøndelag har også ein del spesielle forhold som virkar inn på driftsresultatet, mellom anna høge driftskostnader og mykje fiske-sjukdom.

Lønsevne pr. årsverk hadde også same utvikling som dei tidlegare postane. Troms/Finnmark hadde kraftigast nedgang med kr 166 599 i 1985 og kr -219 598 i 1986. Nord-Trøndelag hadde størst oppgang med kr 223 341 i 1985 til kr 368 751 i 1986.

3.4.3. LØNSEMDA I DEI ULIKE STORLEIKSGRUPPENE.

Nedenfor presenterer ein ei oversikt over ulike resultatmål for storleiksgruppene for 1986.

	Tot.rent.II	Driftsres.	Lønsevne pr. årsverk
		kr.	kr.
0 - 3000 m ³	8.2	79977	138382
3001 - 5000 m ³	-1.2	63730	-5545
5001 - 7000 m ³	4.5	222462	106415
7001 - 8000 m ³	12.9	742516	225445
over - 8000 m ³	22.9	1846931	525586

Som ein kan sjå av tabellen kom storleiksgruppa 3001 - 5000 kubikkmeter dårligast ut. Den storleiksgruppa som kom best ut var anlegg over 8000 kubikkmeter. Ein må være merksam på at det berre er 5 anlegg med i denne gruppa.

Viss ein ser bort frå den lågaste gruppa (0 - 3000 m³), som har eit betre resultat enn gruppa 3001 - 5000 m³, aukar resultatet jamt med storleiken på gruppene. Her bør ein vere klar over at det er store variasjoner innetter i kvar gruppe.

3.5. LIKVIDITET OG SOLIDITET.

Ein har valt å bruke likviditetsgrad (post 31 i tabell 1) som mål på likviditeten i anlegga. Denne uttrykkjer forholdet mellom mest likvide omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Tradisjonelt har kravet til denne vore 100 prosent, men mange forhold som t.d. omløps-hastigheten på gjeld og fordringar, har mykje å seie. Ein ser at gjennomsnittleg likviditetsgrad låg på 82.6 prosent i 1986, mens den var 78.4 prosent i 1985. Det var altså ein viss auke frå 1985. Nedanfor visar ein ei oversikt for likviditetsgrad i 1985 og 1986 fylkesvis.

	1985	1986
Troms/Finnmark	52.2%	28.8%
Nordland	26.4%	30.1%
Nord-Trøndel.	92.2%	112.9%
Sør-Trøndel.	78.6%	106.8%
Møre og Romsd.	61.5%	73.3%
Sogn og Fjord.	147.4%	150.8%
Hordaland	100.6%	93.6%
Rogaland/Skag.	98.9%	88.3%

Som ein ser i tabellen gjekk likviditetsgraden ned for tre fylke (Finnmark, Hordaland og Rogaland/Skagerrak). Likviditetsgraden auka for dei resterande fylka. Fylka Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Sogn og Fjordane ligg over "kravet" på 100 prosent. Ser ein på anlegga inndelt etter storleiksgrupper er det kun gruppa over 8000 kubikkmeter som ligg over 100 prosent. Her som elles bør ein vere merksam på at det var store variasjonar innetter i gruppene.

Som mål på soliditeten er det vanleg å bruke eigenkapitaldel. For heile landet ligg gjennomsnittleg eigenkapitaldel i næringa på 12 prosent, som er ein nedgang frå 1985. Fordelt etter storleiksgrupper og fylkesvis har det også vore ein nedgang. For fylka Finnmark/Troms og Sør-Trøndelag har nedgangen vore størst. Her er det også store variasjonar innetter i gruppene. Både god soliditet og god likviditet er spesielt viktige faktorar for å stå i mot dårlege tider i næringa.

4 . TABELLVERK

A1.

RESULTATER FOR LANDET TOTALT

A1. DRIFTSRESULTATER 1985-86

Fylke : Heile landet
 Storleik : Alle anlegg i landet
 Talet på anlegg i utvalget : 223 anlegg
 Talet på anlegg i massen : 538 anlegg

TABELL 1 - REKNESKAPSANALYSE*

		GJ.SNITT PR. ANLEGG 1986	GJ.SNITT PR. ANLEGG 1985
1. Salsinntekt	kr	3 091 793	2 819 555
2. Andre ord. inntekter	"	100 003	22 978
3. Erstatningar	"	247 088	62 626
4. DRIFTSINNTEKTER (1+2+3)	"	3 438 885	2 905 159
5. Settefiskkostnader	"	886 348	718 319
6. Førkostnader	"	1 071 132	992 438
7. Forsikringskostnader	"	154 298	102 966
8. Lønskostnader	"	476 608	368 225
9. Andre driftskostnader	"	463 451	320 453
10. Kalk. avskrivninger	"	139 735	102 472
11. Beh. endring (+/-)	"	258 252	659 193
12. DRIFTSKOSTNADER (Sum 5-11)	"	2 933 321	1 945 676
13. DRIFTSRESULTAT (12-4)	"	505 563	959 483
14. Renteinntekter	"	92 926	31 852
15. Rentekostnader	"	419 434	250 670
16. RESULTAT FØR EOP (13+14-5)	"	179 055	740 665
17. Kalk. eigarløn	"	38 513	63 630
18. DRIFTSKOSTNADER II (12+17)	"	2 971 834	2 009 306
19. DRIFTSRESULTAT II (13-17)	"	467 050	895 853
20. RESULTAT FØR EOP II (16-17)	"	140 542	677 035
21. Resultatgrad I	%	- 4.1	23.6
22. Resultatgrad II	%	- 7.3	16.5
23. Totalrentab. I	%	9.4	20.9
24. Totalrentab. II	%	7.8	18.5
25. Rentedeckningsgrad I	%	509.2	1 193.2
26. Rentedeckningsgrad II	%	468.9	1 054.0
27. Bto. driftsmargin I	%	- 1.5	30.1
28. Bto. driftsmargin II	%	- 7.3	23.7
29. Bto. fort. marg. I	%	- 26.0	11.6
30. Bto. fort. marg. II	%	- 29.0	5.3
31. Likviditetsgrad	%	82.6	78.4
32. Likv. reserve/oms.	%	68.9	63.0
33. Eigenkapitalandel	%	12.0	32.8

* Romartal I: Eksklusiv kalkulatorisk eigarløn som kostnad.
 Romartal II: Inklusiv kalkulatorisk eigarløn som kostnad.

KOMMENTARAR TIL EIN DEL AV POSTANE FOR 1986.

21. Gjennomsnittet uten dei 4 høgaste og 4 lågaste verdier er 5.8%
 22. Gjennomsnittet uten dei 4 høgaste og 4 lågaste verdier er 2.8%
 23. Gjennomsnittet uten dei 5 høgaste og 5 lågaste verdier er 9.1%
 24. Gjennomsnittet uten dei 4 høgaste og 4 lågaste verdier er 7.6%
 27. Gjennomsnittet uten dei 5 høgaste og 5 lågaste verdier er 8.1%
 28. Gjennomsnittet uten dei 5 høgaste og 5 lågaste verdier er 2.8%
 29. Gjennomsnittet uten dei 4 høgaste og 4 lågaste verdier er -13.3%
 30. Gjennomsnittet uten dei 4 høgaste og 4 lågaste verdier er -16.18%

TABELL 2 - HEILE LANDET
ANDRE PRODUKSJONS- OG LØNSEMDSMÅL

		GJ. SNITT 1986	GJ. SNITT 1985
34. Selt fisk	kg	89 053	66 127
35. PRODUKSJON FISK	kg	94 069	91 794
36. Antall årsverk		3.2	3.1
37. Konesjonsstorleik	m ³	7 317	6 969
38. Utnyttta kapasitet	m ³	6 616	6 081
39. Utnyttingsgrad	%	92.8	89.2
40. Prod. pr. m ³	kg	13.9	14.8
41. Prod. pr. årsverk	kg	32 565	30 254
42. Verdi av prod.	kr	3 350 046	3 478 748
43. Verdi av prod. pr. årsv.	kr	1 128 364	1 123 406
44. Verdi av prod. pr. m ³	kr	493	562
45. Kalk. rente på eigenkapital	kr	181 964	201 245
46. Kalk. avskr. (blanda prinsipp)	kr	147 657	108 779
47. Beholdningsendring)	kr	258 252	659 193
48. Totale kostnader	kr	3 839 409	3 126 722
49. Totale inntekter	kr	3 790 064	3 596 205
50. Lønsevne	kr	465 776	901 337
51. Lønsevne pr. årsverk	kr	149 248	268 521
52. 'Reint overskot'	kr	- 49 345	469 482

*) Beholdningsendring er rekna ut på grunnlag av beholdning verdsatt til oppalskostnader. Beholdning verdsatt til markedspris ville gjeve ein beholdningsendring på - 138.948 kr i 1986 mot 1.047.518 kr i 1985.

TABELL 3 - HEILE LANDET
KOSTNADER PR. KG PRODUSERT FISK OG PROSENTVIS FORDELING AV KOSTNADER

	Kr.	%
Smolt-/settefiskkostnad	9.42	23.1
Forkostnad	11.38	27.9
Forsikringskostnad	1.64	4.0
Lønskostnad	5.07	12.4
Kalk. eierløn	0.40	1.0
Andre driftskostnader	4.93	12.1
Finanskostnader	4.46	10.9
Kalk. rente på eigenkapitalen	1.93	4.7
Kalk. avskr. (blanda prinsipp)	1.56	3.8
SUM	40.79	100

A2.

RESULTATER FOR GRUPPER OPPDELT FYLKESVIS
1985-86

A2. DRIFTSRESULTATER 1985-86

Fylke : Troms og Finnmark
 Storleik : Alle anlegg i fylket
 Talet på anlegg i utvalget : 20 anlegg
 Talet på anlegg i massen : 59 anlegg

TABELL 1 - REKNESKAPSANALYSE*

		GJ. SNITT PR. ANLEGG 1986	GJ. SNITT PR. ANLEGG 1985
1. Salsinntekt	kr	1 615 708	2 191 730
2. Andre ord. inntekter	"	77 115	486
3. Erstatningar	"	112 336	59 344
4. DRIFTSINNTEKTER (1+2+3)	"	1 805 160	2 251 561
5. Settefiskkostnader	"	833 041	468 450
6. Fôrkostnader	"	620 691	619 802
7. Forsikringskostnader	"	171 077	104 917
8. Lønskostnader	"	456 989	331 781
9. Andre driftskostnader	"	354 988	203 774
10. Kalk. avskrivninger	"	149 448	98 615
11. Beh. endring (+/-)	"	205 886	303 242
12. DRIFTSKOSTNADER (Sum 5-11)	"	2 380 350	1 524 098
13. DRIFTSRESULTAT (12-4)	"	- 575 190	727 463
14. Renteinntekter	"	103 075	23 800
15. Rentekostnader	"	693 741	368 973
16. RESULTAT FØR EOP (13+14-15)	"	- 1 165 857	382 290
17. Kalk. eigarlønn	"	46 550	61 871
18. DRIFTSKOSTNADER II (12+17)	"	2 426 900	1 585 969
19. DRIFTSRESULTAT II (13-17)	"	- 621 740	665 592
20. RESULTAT FØR EOP II (16-17)	"	- 1 212 407	320 419
21. Resultatgrad I	%	- 156.4	- 57.1
22. Resultatgrad II	%	- 161.8	- 59.4
23. Totalrentab. I	%	- 11.9	17.7
24. Totalrentab. II	%	- 12.9	16.3
25. Rentedekningsgrad I	%	- 87.4	165.8
26. Rentedekningsgrad II	%	- 95.2	151.3
27. Bto. driftsmargin I	%	- 126.8	- 3.1
28. Bto. driftsmargin II	%	- 137.1	- 5.3
29. Bto. fort. marg. I	%	- 208.7	- 32.4
30. Bto. fort. marg. II	%	- 213.2	- 34.6
31. Likviditetsgrad	%	28.8	52.2
32. Likv. reserve/oms.	%	277.4	107.4
33. Eigenkapitalandel	%	- 31.4	4.8

* Romartal I: Eksklusiv kalkulatorisk eigarløn som kostnad.
 Romartal II: Inklusiv kalkulatorisk eigarløn som kostnad.

KOMMENTARAR TIL EIN DEL AV POSTANE FOR 1986.

21. Gjennomsnittet uten dei 4 lågaste verdier er - 23.4%
 22. Gjennomsnittet uten dei 4 lågaste verdier er - 26.6%
 23. Gjennomsnittet uten den lågaste verdien er - 9.9%
 24. Gjennomsnittet uten den lågaste verdien er - 10.8%
 27. Gjennomsnittet uten dei 3 lågaste verdier er - 28.9%
 28. Gjennomsnittet uten dei 4 lågaste verdier er - 28.6%
 29. Gjennomsnittet uten dei 3 lågaste verdier er - 77.4%
 30. Gjennomsnittet uten dei 3 lågaste verdier er - 80.9%
 32. Gjennomsnittet uten dei 3 høgaste verdier er - 81.6%

TABELL 2 - TROMS OG FINNMARK
ANDRE PRODUKSJONS- OG LØNSEMDSMAL

		GJ. SNITT 1986	GJ. SNITT 1985
34. Selt fisk	kg	46 275	47 162
35. PRODUKSJON FISK	kg	27 877	56 617
36. Antall årsverk		3.4	3.0
37. Konesjonsstorleik	m ³	6 550	5 375
38. Utnytta kapasitet	m ³	6 229	4 935
39. Utnyttingsgrad	%	96.9	92.1
40. Prod. pr. m	kg	7.7	11.4
41. Prod. pr. årsverk	kg	14 292	17 318
42. Verdi av prod.	kr	1 821 594	2 494 972
43. Verdi av prod. pr. årsv.	kr	566 125	766 357
44. Verdi av prod. pr. m ³	kr	301	518
45. Kalk. rente på egenkapital	kr	29 285	54 229
46. Kalk.avskr.(blanda prinsipp)	kr	150 769	99 666
47. Beholdningsendring)	kr	205 886	303 242
48. Totale kostnader	kr	3 357 136	2 313 467
49. Totale inntekter	kr	2 114 121	2 578 604
50. Lønsevne	kr	- 739 475	658 789
51. Lønsevne pr. årsverk	kr	- 219 598	166 599
52. 'Reint overskot'	kr	- 1 243 014	265 137

*) Beholdningsendring er rekna ut på grunnlag av beholdning verdsatt til oppalskostnader. Beholdning verdsatt til markedspris ville gjeve ein beholdningsendring på - 138.948 kr i 1986 mot 1.047.518 kr i 1985.

TABELL 3 - TROMS OG FINNMARK
KOSTNADER PR.KG PRODUSERT FISK OG PROSENTVIS FORDELING AV KOSTNADER

	Kr.	%
Smolt-/settefiskkostnad	17.40	24.8
Forkostnad	12.96	18.5
Forsikringskostnad	3.57	5.1
Lønskostnad	9.55	13.6
Kalk.eierløn	0.97	1.4
Andre driftskostnader	7.41	10.6
Finanskostnader	14.49	20.7
Kalk.rente på egenkapitalen	0.61	0.9
Kalk.avskr. (blanda prinsipp)	3.15	4.5
SUM	70.11	100

A2. DRIFTSRESULTATER 1985-86

Fylke : Nordland
 Storleik : Alle anlegg i fylket
 Talet på anlegg i utvalget : 43 anlegg
 Talet på anlegg i massen : 91 anlegg

TABELL 1 - REKNESKAPSANALYSE*

		GJ.SNITT PR. ANLEGG 1986	GJ.SNITT PR. ANLEGG 1985
1. Salsinntekt	kr	3 400 704	2 520 463
2. Andre ord. inntekter	"	92 533	21 838
3. Erstatningar	"	181 781	90 192
4. DRIFTSINNTEKTER (1+2+3)	"	3 675 019	2 632 494
5. Settefiskkostnader	"	1 069 050	817 240
6. Fôrkostnader	"	1 158 642	964 508
7. Forsikringskostnader	"	202 488	122 563
8. Lønskostnader	"	533 155	361 810
